

## Framdriftsrapport frå Kayak Voss – Sykkelprosjekt

Kayak Voss DA fekk i 2014 stønad frå Hordaland Fylkeskommune til å realisere ein draum om å legge om transporten på våre kajakkurs frå bil til sykkel. I 2015 fekk me handsama og godkjent vår søknad om stønad frå Voss Kommune, og me har no kunne starta prosjektet. Me har kjøpt inn to el-syklar, ein tandemsykkel, 5 vanlege syklar og ventar på sveising av to kajakkhengingar som el-syklane skal dra. Målet vårt er å kunne tilby fullstendig umotoriserte kajakkurar innan utgangen av Juli, noko me meiner vil treffe tidsånda, og såleis vere eit stort marknadsføringsfortrinn for ei aktivitet og turismeverksemd lokalisert i ei bygd som tiltrekk seg «backpackers» og unge eventyrlystne menneske. Samstundes vil prosjektet vere positivt for miljøet også ved å skape merksemd omkring moglegheitene ein har for å legge om til ein meir berekraftig livsstil.

Vegen vidare vert no å halde visningsturar for hotell og herberg på Voss, samt produksjon av bilete og video til våre facebook- og instagram-profilar. Me vil også sende ut pressemeldingar i håp om at dette kan få redaksjonell omtale i lokale og nasjonale media. Me vil her fortelje at prosjektet er støtta av HFK.

Takk for støtta og ta gjerne kontakt for ein grøn kajakkur på Voss

Dag Sandvik